

Store spel

Om Vinje, Vesaas og vår tid

Av Arne Vinje

Til garden eg åtte og dreiv i om lag 40 år før neste generasjon tok over, høyrer det ein støy l som heiter Finnebu. På det eine selet er det rita inn ei tydeleg innskrift i ein av stökkane: AOsP 1837. Tagginga er utført med ein kvass kniv av ein gjetargut som heitte Aasmund Olavsson Plassen. Han passa på kyr og geiter her oppe i fjellet i kraft av ei avtale far hans gjorde med Tov Vinje i 1825: Olav Aasmundsson fekk høve til å rydde jord og busetje seg på ein del av den nyoppretta eigedomen Uppistog Vinje, mot ei årleg leige på fem bismarpund godt sommarsmør. Han og familien skulle òg vera med på å halde gjetar når buskapen frå baa gardane beitte i Finnebu.

Det var *desse* fjell og dalar som Aasmund i sin fyrste ungdom såg. Her, innunder Ormeggine og Storemidtfjell, slo *fjellkjensla* hans rot, den som så mange gonger seinare skulle koma til syne i diktinga. Han var 19 år då han rita inn den sjølvmedvitne signaturen sin; ein vaksen kar, eksamen frå Kviteseid seminar året før, no omgangskulelærer i Vinje. Han var klar over evnene sine. Me må vel rekne med Aasmund som andre gutar drøymde om jenter og kjærleik, og me veit at han vona på eit godt liv i heimbygda. Vegen dit var meir utdanning og den gode stillinga han var lova av sjølvaste presten.

Men lenger baki vegen venta sviket og oppbrotet. Ikkje fekk han klokkestillinga og ikkje fekk han jenta han elska. Biografen Vetle Vislie forklarar baa tapa ut frå Aasmunds lågare sosiale rang som husmannsgut. Biografen Olav Vesaas har ei meir nyansert framstilling av saka. For Aasmund blei i alle fall livet i bygda uuthaldeleg; han måtte koma seg vekk, helst så langt som råd, gjerne til Amerika.

Så langt kom han heldigvis aldri, men Aasmund Olavsson Plassen reiste nærast som ein flyktning ut i verda, bort frå bygdefolk og dei gamle fjell i syningom, inn i heilt andre geografiske, sosiale, økonomiske og kulturelle landskap. Han braut så å seia ut av det økosystemet han hadde vore del av og som hadde forma han gjennom heile oppveksten. Deretter levde han som ein åndeleg nomade, stadig på leitande vandring.

Kor tvert og definitivt var oppbrotet? Kva leita han etter? Og kan Aasmunds leiting gjeva rett-leiing i vår tid, når me må finne ei ny retning på ei utvikling som er i ferd med å føre oss inn i stadig større kriser?

Behovet for kursendring skal eg ikkje bruke tid på å grunngjeva her. Alle lesande og lydande menneske veit godt kva som stend på spel – og at det er tale om *store* spel som påverkar framtida til alle som lever i dag, og i endå større grad dei som skal koma etter oss. Mange har sett i von til vitskapen og den ufatteleg avanserte og mektige teknologien som pregar planeten vår i så stor grad at denne tidsperioden no blir kalla *antropocen* – menneskas tidsalder. Andre hevdar at teknologien og maktstrukturane som styrer han er sjølv problemet. Det er politikken og økonomien som må endrast.

Sikkert er det at politikken er ein vesentleg del av dette biletet, men sidan dette er ein litteraturfestival, let eg den delen liggje. I staden vil eg, med utgangspunkt i dei to store forfattarane

frå Vinje, reflektere over andre verdiar enn dei som rår no, og som samfunnsstyringa i framtida bør leggje mykje større vekt på. Stikkorda er *tilknyting* og *fellesskap*. Det dreiar seg i stor mon om menneskets økologi, og desse refleksjonane kan seiast å vera ein ekstrakt – ikkje av, men frå – boka *Store spel – saga om Vesås i verda*. Den saga handlar om garden Vesås, der forfattaren Vesaas berre er ei av mange andre på rollelista.

Ein kvar gard er den måten eit lite og nært fellesskap av menneske organiserer tilhøvet sitt til den naturen dei lever i og av, i samspel med andre gardar og samfunn, og etter kvart med og mot andre menneskeskapte spel, dei som no har vakse seg globale og ser ut til å styre alt. I føreordet skriv eg at «Å fylgje ein gard gjennom tidene er ei ferd gjennom norsk historie som startar på små, smale og svingete bygdevegar. Etter kvart vidar vegane seg ut og blir til travle riksvegar, som til slutt leier inn på dei breie, brølande og superraske europavegane. Slik går den vesle forteljinga om Vesås inn i den store samfunnshistoria. Naturens store spel er der framleis. Men gjennom politikk og økonomi har nye menneskapte spel kome til, dei er mektige, fjerne og upåverkelege som om dei var naturkrefter, og verknadene er tilsynelatande like uavvendelege.»

I bakspegelen ser vegvala naturlege, nesten sjølvsegte ut, og utviklinga er utan vidare sett på som *framsteg*. Generasjonen min, me som voks opp i tiåra etter 2. verdskrigen, lærte i alle fall å sjå det slik. Framsteget er gjerne blitt målt etter to verdiar: auka velstand og auka fridom. Både delar er utvilsamt av det gode – fram til ei viss grense, når alle dei viktige materielle behova er tilfredsstilte og fridomen utspelar seg innanfor fellesskap. Men når farten held fram med å auke og behov blir erstatta av etterspurnad, fridom blir forveksla med armslag til ego-sentrert sjølvutfolding, og fellesskap og samarbeid blir trengt vekk av konkurranse og strategiske alliansar, ja då endrar òg verdiane valør.

Aasmund Olavsson Vinje levde i ei tid då det norske samfunnet for alvor tok til å bli endra, mellom anna ved ei aukande urbanisering som han sjølv tok halvhjarta del i. Her er det freistande å samanlikne med ein annan kar frå bygda i generasjonen etter, dels fordi han var brorsonen av Margit Heggstøyl som Aasmund var vilt og ulykkeleg forelska i, og dels fordi livsbannen hans ein periode likna på Aasmunds. Han heitte Torleiv (eller Talleiv på Vinjemål, kalla opp etter godfar sin), og var son av Olav Heggstøyl og Anne Vesaas. Bakgrunnen hans gjorde at han hadde tre slektsnamn å velje mellom. Heggstøyl var det eine, eventuelt Vinje, sidan Heggstøyl var skilt ut frå Nordigard Vinje. Bror av Torleiv som heitte Olav og blei sakfører i Skien, skreiv seg Vinje. Far av Torleiv overtok ein gard i Bøgrend som heiter Nestestog, og då familien flutte dit skifte dei namnet etter garden, i tråd med tradisjonen. Dei blei Olav og Anne Nestestog. Men Torleiv, han gav avkall på alle desse geografiske identitetsmarkørane og skreiv seg berre Torleiv Olavson.

Odelsguten Torleiv var skuleflink på eit slikt nivå at han kunne velje ei utdanning i staden for å taka over den gode og veldrivne garden heime. I 1877 tok han eksamen på Holt seminar, og reiste så vidare til kongelege Fredriks universitet i Kristiania for å studere jus (slik Aasmund òg hadde gjort) og filologi.

Som Aasmund lika Torleiv å skrive, og såleis hamna han i pressa, men på eit heilt anna nivå enn Dølen. Torleiv fekk jobb i Morgenposten, som kring førre hundreårsskiftet var den største avisa i landet. Der gjorde han det så bra at han i 1897 blei sjølvaste sjefsredaktøren.

Med det sluttar òg likskapen mellom dei to vinbyggane. Torleiv skreiv riksmål, jamvel då han omsette Borgartinglova og Eidsivatinglova frå gamalnorsk. Han var ingen omstridt, tvisynt og flåkjefte sribukk, men kjend i sine eigne krinsar som ein omgjengeleg og elskverdig mann,

truleg med få eller ingen økonomiske suter. Morgenposten var ikkje eit debattorgan, og som redaktør var Torleiv Olavson heller anonym og deltok ikkje i det offentlege ordskiftet, men han sytte for at «Sverta» heldt stand som avisa med størst opplag i Noreg så lenge han var sjefen.

Kor mange i dag er det som ikkje må spørje kven Torleiv Olavson var når dei ser gravstøtta hans på kyrkjegarden i Vinje? Og kven minnest Morgenposten? Gamal status og fortids prakt falmar fort i samanlikninga med det vesle og uregelmessige bladet Dølen, som i sin stutte eksistens rokk å bli ein viktig del av den norske kultursoga, fyrst og fremst fordi avisa var ein så uskiljeleg del av utgjevaren og redaktøren. Gjennom Dølen skapte Aasmund Olavsson Vinje sin eigen posisjon som ein pioner i journalistikken, ein nybrotsmann for det nynorske folkemålet og ein framifrå diktar og essayist.

Her kan me verkeleg bruke nemninga *medium*: Det er nettopp *mediet*, denne ustanselege og mangslungne rapporteringa frå ei spesiell brytingstid, som gjer Aasmund Olavsson Vinje så spennande og relevant. Medvitsstraumen hans veksle ubrote mellom skarpe observasjonar, rasjonelle analyser og sterke kjensler, mellom *logos* og *patos*, og han trong mange litterære sjangrar til kommunikasjonen sin. Alle som les det han sjølv har skrive og det andre har skrive om han, må bli slegne av kor nådeløst *ærleg* han var, og kor lite strategisk kalkulerande han stod fram. Likevel var han eit *moderne menneske* på det viset at han hadde gått ut av ein samanheng der han hadde ein plass og ei rolle, og inn i noko me må seia var ein *mangel på samanheng*, der han måtte definere si eiga rolle, setje seg sjølv i scene, i eit spel der han til overmål stilte seg kritisk til reglane.

Alt dette stend i kontrast til redaktør Torleiv Olavson. Om dei båe var utvandrarar, så *tilpassa* Torleiv seg, med den ufattelege fleksibiliteten som arten menneske har demonstrert til alle tider og så seia alle stader, og som har gjort at me gjerne har titulert oss sjølve som skaparverkets herre. Torleiv strauk ut den geografiske tilknytninga frå namnet; Aasmund tok i bruk eit namn som nettopp markerte kvar han kom frå. Torleiv bruka hovudstadens danske skriftspråk, og truleg la han bort vinjemålet sitt òg, bortsett frå når han rødde med vinbyggjar. Aasmund, derimot, proklamerte i 1859, førti år før Torleiv kunne titulere seg «chefsredacteur»:

Jeg beder herved den ærede Leser om Tilgivelse, fordi ogsaa jeg engang var så svag og arm og uvidende, at jeg vanærede min norske Haand med at skrive Dansk, at jeg saaledes syndede mod Fædrelandets Aand og gjorde Mit til at slukke den siste Rest af dens Liv; jeg skal ikkje gjøre det mere. Intet, som jeg lægger Aand og Liv i, skal være paa Dansk. Den Aand jeg har, skal være paa Norsk.¹

Tilsynelatande ironisk at han skriv nettopp desse linene på dansk, men slik var regelen i Drammens Tidende. Her varslar skrivaren eit nytt oppbrot, ein ny etappe på vegen han hadde vald. For Aasmund er målsaka òg eit spørsmål om moral: Å skrive dansk er ei synd, og det er ikkje noko mindre enn «fedrelandets ånd» som det blir synda mot. Men han kunne òg ha sagt med Ivar Aasen at det nynorske skriftmålet høver så mykje betre til hans eige talemål og dei norske dialektane generelt, at det beint fram er ei frigjering for tanken å kunne bruke det. Så kan ein i parentes leggje til at i motsetnad til Ivar skreiv Vinje både poesi og prosa på nynorsk. Grunnleggjaren av nynorsken reserveverte språket til poesien sin, og heldt fram med å skrive sakprosaen på dansk.

For Aasmund var ikkje dette noko mindre enn eit livsprosjekt. I den gode biografien sin om Vinje formulerer Olav Vesaas det slik: «Ved å spreie opplysning og kunnskap ville han lyfte folket opp slik at det kunne bli fritt og sjølvstendig, både nasjonalt og kulturelt.»²

Det var eit demokratisk program og eit djervt mål. Rett nok tvila Aasmund i periodar på at folket var så langt kome i kunnskap og innsikt at *det* kunne styre embetsverket i staden for å lata seg styre. Men han ville at dit skulle dei koma. Han var ein progressiv mann, stundom beint fram radikal, andre gonger stivt konservativ, men jamt kritisk, ikkje minst til seg sjølv og dei han sette høgast. Han let seg ikkje plassere i nokon konstallasjon.

Men bakgrunnen sin, den vedkjende han seg til fulle. Brev til familien og vener i Vinje dokumenterer denne tilknytinga. Heilt frå tida i Mandal var heimstaden ein sentral del av identiteten hans, seinare understreka av namnevalet og skriftmålet, og altså endeleg stadfest gjennom Dølen, hans *alter ego*. Aasmunds identitet var å vera døl. Og Dølen tenkte på vinjemål, som Aasmund sjølv utan vidare karakteriserte som eit av dei beste bygdemåla.

Bygda han kom frå var òg ei varig referanseramme og ei kjelde for diktinga. I diktsyklusen *Storegut* (men ikkje berre der!) knyter han seg tett til folkediktinga. Det er ikkje berre motiva han hentar frå den tradisjonen han kjenner så godt frå barndomen og ungdomstida, han tek òg folkediktingas verseformer i bruk. Dermed kan hans eigne strofer og vers gli saumlaust inn i tradisjonens straum, og syngast til gamle tonar av nye kvedarar.

Så er det vel i poesien, særleg i dei personlege dikta, at han kjem nærast alt det han har reist frå. Dølen dyrkar sine minne i lengt og vemod, kanskje klårast i diktet som fekk tittelen *Ved Rondane*, men som handlar om barndoms- og ungdomslivet i fjella heime, fram til sommaren då han skar initialane sine inn i veggen på setuselet på Finnebu. Fjellet var på eit vis både utgangspunktet og endepunktet: *Eg finner vel eit hus som vil meg hysa, når soli heim til notti vil meg lysa*. Fjellvinden hadde same verknad på Vinje som madelaine-kake duppa i lindeblom-te hadde på Marcel Proust. Heimlengten, nostalgien, har gjeve næring til mykje stor dikting gjennom tidene.

Vel 50 år etter at Aasmund Olavsson Vinje døydd, debuterte ein annan diktar frå same vesle bygda: den unge Tarjei Vesaas. Det er vanskeleg å samanlikne desse to gigantane i litteratursoga vår, dei er så ulike både i form og innhald, den storkjefta, sjølvhevdande og stridshuga husmannssoenen og den fāmælte og stillfarande odelsguten. Aasmund reiste frå bygda og kom berre att på stutte besøk; Tarjei reiste òg mykje, men meir for å samle slikt stoff som det kan spinnast litteratur av, på måtar det ikkje er godt for andre menneske å skjøne. Han kom jamt heimatt, og avslo kontant tilbodet om å flytte inn i statens æresbustad, Grotten i Oslo.

Men Tarjei Vesaas sette Aasmund Vinje høgt, kanskje han jamvel kjende att noko av den desperasjonen som såg ut til å vera ei drivkraft hjå Vinje, og han gav personen og dikteren *geografiske* kjenneteikn som for så vidt òg inkluderte han sjølv. Vesaas om Vinje:

«Han er for realistisk til å vera berre drøymar, og for poetisk i si sjel til å vera realist. So hev han aldri fred. Difor slit og riv det liksom i evige band i bygdene. Denna trongen etter å sjå retta og rong på livsens vev, som Vinje tillegg hovudstaden og seg sjølv – den hadde han i røyndi teke med seg heimanfrå. Ja, eg synest at Aasmund Vinje er som inkarnasjonen av Telemark: Han gret med eitt auga og spotta med det hitt, han var ein flåkjeft, og han var den varmaste av alle, nærtakande og sårberre og uvyrdne i brå blanding. Kven hev som han elska Telemarks fjell?»³

Vinje og Vesaas skildra sjeldan direkte den naturen dei voks opp i, og dramatikken mellom menneska i Vesaas-romanane kunne ha utspela seg mange stader. Likevel påstår eg i *Store spel* at «Gjennom romanane, novellene og poesien til Tarjei Vesaas er det skapt eit litterært univers der denne garden saman med bygda og landskapet er ein slags botn, mest som ei attkjennande

kjerne som fiksjonen er spunnen rundt. Det er nesten blitt slik at ein ser (garden) Vesås gjennom diktinga til (forfattaren) Vesaas, og dei som har vore i Vinje les gjerne Vesaas med (garden) Vesås i minnet.»⁴

På Vesaas-jubileet i 1997 påstod ein av dei fremste forfattarane i generasjonen etter Tarjei Vesaas at det var nærast eit mirakel at det kunne vekse fram ein forfattar av internasjonalt format frå dei skrinne kåra her oppe i fjellbygda. Eg påstår at dette er eit uøkologisk perspektiv. Den økologiske metoden er å studere og skjønne det individuelle og det spesielle ut frå samanhengen sin, interaksjonen med miljøet. Kjem du over *ei* molte ein stad i heia, er det truleg at du finn fleire. *To* framståande diktarar frå same staden *kan* vera tilfeldig, men det kan òg peike på eit trekk ved sjølve livsvilkåra i det komplekse økosystemet som *ei* bygd er.

Desse vilkåra var i stor grad like for dei to diktarane våre, bortsett frå at i Tarjeis tid var mellom anna skulestellet vesentleg betre utbygd, og litteraturen hadde fått eit større rom på kostnad av folkediktinga. Det skulle koma godt med for odelsguten som var esla til å taka over Vesås, og prøva å innstille seg på denne livsoppgåva. Liksom Aasmund Plassen rita han initialane sine inn i på ein bjelke i låven i 1912. Då var han om lag 15 år, og truleg i gang med sin tunge og einsame strid for å finne ut av livet. Det var alt anna enn greitt. Seinare skreiv han: «Bitter står denne tenåringsalderen for meg i minnet. *Med unnatak for bøkene*. Bøkene var berginga. Utvegen var å lesa.»⁵

Tarjei voks opp i ein heim der alle las. Dei lånte bøker og dei kjøpte, og så fort dei fann stunder til det, særleg om vinterkveldane, sat dei med ei bok i handa. Denne interessa var ikkje vesaa-sane åleine om. I bygda var eit aktivt frilyndt ungdomslag som ein må seia dyrka litteratur. Laget gav ut eit blad, Hakkespetta, der medlemene stod for innhaldet. Tarjei skreiv sjølv tekster i poesi og prosa, nokre sære, andre humoristiske og ironiske. Tekstene blei lesne opp på lagsmøta, diskuterte og kritiserte. I desse skriveøvingane fekk diktarspira uttelling for talentet sitt, og sikkert inspirasjon frå dei høgkulturelle kanonane som Noregs Ungdomslag sendte rundt om i landet, òg til Vinje. Og soknepresten i bygda, Halvdan W. Freihow, som hadde ein doktorgrad i litteratur, han heldt ei rekkje føredrag om Henrik Ibsen – ungdomen kom lange vegar for å høyre på og det var stuvande fullt på ungdomshuset Breigjot. Det blir sagt at Ibsen-interessa har tapa seg litt blant ungdomen etter den tid.

Om *lesing* var utvegen for ein sosialt heller tafatt ungdom, så blei *skriving* utvegen for odelsguten som ikkje ville bli bonde. I det interessante essayet «Den store lengselen», spør Karl Ove Knausgård om korleis det var mogleg for Tarjei å bryte tradisjonens krav til den eldste sonen i kvar generasjon om å halde fram den viktige innsatsen med å produsere mat og klede, og på den måten gå inn i rekka av menn, av fedrar og søner, som går tilbake så langt som nokon kan minnast, og endå i nokre hundreår, til dei kverv ein stad i historias djup.

«Men» seier Knausgård, «det var nettopp det Vesaas gjorde. Trådte ut av rekken, ut av slekta, ut av sammenhengen og inn, ja, hvor da? I et kott hvor han kunne sitte alene og pusle litt med blyanten sin? Antageligvis.»⁶

Nei, det var *ikkje* slik! Tarjei sat ikkje i eit kot, men på enden av stogebordet på Vesås og skreiv manuskriptet til *Menneskeborn*, med resten av familien dreiv med sine ting. Etter kvart ordna jamvel den strenge far hans det slik at Tarjei fekk køyre tømmer halve dagen og skrive resten. For alt det me veit, kan den unge forfattaren ha vore den i heimen som tok tradisjonsbrotet tyngst.

Dette er ikkje fyrst og fremst ein kritikk av det romantiske synet på den einslege kunstnaren eller geniet som blømer der ein ikkje kunne tru at noko kunne gro, og heller ikkje av det lett nedlatande og ofte kunnskapslause urbane synet på bygdekulturen. Derimot er det med på å grunnngjeva fylgjande konklusjon:

Under føresetnad av at dei grunnleggjande materielle behova er tilfredsstilte, kan jamvel små samfunn med moderat økonomisk avkastning prestere store kulturelle overskot – det vil seia breie manifestasjonar av kreativitet og livskvalitet.

Aasmund Olavsson Vinje tok kanskje noko i då han proklamerte i Dølen: «Frå Telemork skulle eg såleis f.ex. forsyne den halve verdi med diktalarar», men det var i alle fall eit uttrykk for at folket i fjellbygdene òg hadde andre interesser enn jord, pengar og økonomisk status. Akkurat slike verdier hadde dei ikkje så mykje av, samanlikna med bøndene lenger nede i fylket og på dei breie austlandsbygdene. Dei levde av ein økonomi og i ein kultur som var tufta på sjølvberging: Alt dei trong måtte dei produsere sjølve, og ikkje berre kyrkjer og loft, stogeiinteriør og møblar, reiskap og klede, mat og øl, men òg den åndelege føda.

Og heile tida var dei plaga av ein udøyeleg hang til estetikk. Det var ikkje nok at tinga var funksjonelle, dei måtte vera fine òg. Øystein Vesaas, farbror av Tarjei, sa det slik: «Denne venleiksgleda og hug til pryd kjem fram i alt. På reiskap og på koppar og kar, på klæbunad og på våpen. Om det var berre ein bjølleklave so skulle han prydst med fin ornamentikk. Sjå på den eleganse og pryd som dei gamle handøksane hev. Og i den tid dei gjorde byrser her heime, so var dei også prydde med fin graving. Eller sjå på alt det fine kvendearbeid i saum og veving.»⁷

Og når dei skulle spenne ein vidare himmel over tilværet sitt, blei den òg for så vidt sjølvgjort, men som alt anna prega av både innlån og lang tradisjon. Mellomalderballadar etter mønster av kontinentale riddarviser, *Draumkvedet* inspirert av katolsk visjonsdikting, undereventyr med arketypiske motiv, og så bygdeviser, stev, segner og soger, gåter og regler, noko lyrisk og fint, anna så ymist. Men alt hørte til alle, materialet var gratis og lett tilgjengeleg, det var berre å forsyne seg.

Denne oppramsinga er ei komprimering av historia som kan gjeva det misvisande inntrykket at før i verden dreiv alle med ei eller anna form for høgverdig kultur. Slik var det sjølv sagt ikkje. Men kvalitet blei påakta og verdsett, og gode handverkarar, kvedarar, spelemenn og forteljarar hadde status. Dermed var det så mange som prøva seg på ulike kunster at nokon lykkast særleg godt i kraft av talentet sitt. Ein såvoren var Aasmund Nestestog frå Bøgrend, skreiv Aasmund Vinje: «Han kunne gjera alt det som til var oppe i si fjellbygd; og alt som kom frå hans hand var som det hadde liv, sa folk. Det var eit makalaus lag på det, og alt var kjennande av hans gjerning, liketil eit øksehogg i ein stokk.»⁸

Liketil eit øksehogg i ein stokk! Det var vel attest god nok til ein meister frå ein annan.

Ein annan konklusjon er at fellesskapet mellom folk og nærleiken til naturen skaper ei varig tilknytning til staden. Fellesskapet i arbeid og fritid, språket, kulturen, landskapet med alle sine namn og historier – det er menneskets økosystem. Ein kan vera knytt til det på tusen måtar.

Om noko er dokumentert gjennom litteraturen, kunsten, musikken, så er det at mennesket utviklar røter. Aasmund Olavsson Vinje drog dei med seg kvar han var, særleg til fjells. Tarjei Vesaas levde stort sett der røtene var. Det fyrste diktet i den fyrste diktsamlinga han gav ut, *Snø og granskog*, er eit av dei klåraste og vakraste uttrykka for tilknytning me har i norsk poesi.⁹

*Ja lia med snøen,
og tre ved tre
så langt ein ser, kvar vi er
vender vi mot det.*

*Og har i oss ein lovnad
om å koma heim.
Koma heim,
gå borti der,
bøyge greiner,
– og kjenne så det fer i ein
kva det er å vera der ein høyrer til.
Heile heile tida,
til det er sløkt
i våre innlandshjarte.*

«I våre innlandshjarte» – ikkje mitt. Landskapet skaper fellesskap. I mange av romanane av Tarjei Vesaas er tilhøvet mellom den enkelte og fellesskapet grunntemaet – eit universelt tema, fordi mennesket er eit flokkdyr som jamt kjenner behov for å vera del av eit fellesskap. «Av og til tvilar vi på at vi har nokon plass hos andre, og redsla for isolasjon går som ein kald vind gjennom oss», skreiv Tarjei Vesaas om romanen og skodespelet *Bleikeplasssen*. «Og vi må ut mellom grannar og arbeidskameratar for å få teikn på at vi alle er medmenneske som tenkjer på kvarandre.»

Er det ikkje slik det er? Er ikkje dette behovet eit vesentleg trekk ved det å vera menneske? Korleis kan det då ha seg at me godtek ein dynamikk i samfunnet som endrar landskapa i bygd og by, riv opp røtene, smadrar fellesskapa i menneskas buplassar og erstattar dei med einsemd og konkurranse? Fortida kjem aldri att, det bør me ikkje ein gong drøyme om. Men kvifor kan ikkje samfunnet med all sin kunnskap og tekniske kraft taka betre vare *både* på naturen og dei grunnleggjande behova våre?

Det me i dag kallar naturkrisa eller økokrisa er kjenneteikna av at artar blir utrydda i rasande fart. Ein FN-rapport syner at ti prosent av plante- og dyreartane i verda er meir eller mindre utrydda i vår tid, og rundt éin million av åtte millionar artar er truga av utrydding. Dei fleste av desse artane risikerer å gå til grunne fordi økosystema dei høyrer til i, blir endra eller fjerna av menneskeleg aktivitet, ikkje minst klimaendringane.

Men jamsides denne øydelegginga av naturmangfaldet på jorda skjer det ei tilsvarande nedbryting av kulturmangfaldet. Ein dominerande kommersiell og i det vesentlege urban konsumkultur erstattar mylderet av lokale kulturar med ulike språk, skikkar og tradisjonar, småsamfunn som i tusenvis av år har utvikla særtrekka sine gjennom måten folk har møtt og meistra naturtilhøva på staden. Om lag 1500 av rundt 7100 språk i verda er i ferd med å døy ut, 1000 språk til er truga. I dag bur dei fleste i verda i byar, og byane er til forveksling like kvarandre. På alle kontinent kler folk seg i dei same merkekledda, et industrielt framstilt mat, underheld seg og lagar verdsbiletet sitt innafor dei same digitale nettverka, har engelsk som andrespråket sitt, høyrer på den same musikken, ser på dei same Netflix-seriane – og tevlar ustansleg med kvarandre om utdanning, karriere, status.

Homogenisering blir denne prosessen kalla, som omskapar det tidlegare så rike kulturmangfaldet etter ein felles mal. Forskarar har peika på at sjølve evna vår til å meistre miljøendringane

går tapt med det svinnande kulturmangfaldet på Jorda. Det som blir borte er omfattande erfaringsbaserte kunnskapar om naturen, ein kompetanse som ikkje blir forvalta av ekspertar, men av folk. I framtida vil verda og landet ha stor bruk for denne kunnskapen, men hjå oss høyrer han til fjellbønder, kystfiskarar og reindriftssamar – grupper som er så sterkt truga av utrydding at dei burde ha vore på raudlista.

Dei færreste av oss er å finne i desse gruppene. Det var ikkje Aasmund Olavsson Vinje og Tarjei Vesaas heller, men *røtene* deira var i det samfunnet, det fellesskapet og den kulturen som i dag er sterkt på vikande front. Med det utgangspunktet og vende mot impulsane frå ei vidare verd, skapte dei to litterære verdiar som framleis lever, verket deira er tre som stadig skyt nye skot, og som frå asken Yggdrasil rislar livgjevande dogg nedover oss. Og dei gjorde meir. Dei la grunnlaget for ein byrgskap, ein kjærleik og ein trass hjå oss som kjem etter og kjenner korleis ormen Nidhogg, no i form av den standardiserande kommersielle konsumkulturen, stadig gneg på røtene våre.

*

Aasmund Vinje og Tarjei Vesaas var fjellfolk. I mytar, legender og litteratur er fjellet framstilt som noko stabilt og varig i ei rastlaus og omskifteleg verd, eit bokstaveleg tala opphøgd landskap med geografisk og mental avstand til den hektiske kvardagen. Fjellet skaper overblikk og ro. Vinje reiste sjølv stadig frå byen som han stort sett fann seg godt til rettes i, men også ofte opplevde som «ufrisk i varmen»:

*Og derfor til Fjells
vil eg draga som Døl,
og Kjenningar finna
og gløyme meg sjølv.¹⁰*

Det kan stå att som eit godt råd. Reis til fjells, kjenn den skarpe og reine lufta, sjå vidt utover og langt framover, bli fri for trongen til individuell sjølvhevdning – og tenk så i gjennom kva det vil seia å vera døl i vår tid.

¹ «Afsked til Læseren af Drammens Tidende», Christiania 19de Februar 1859. Trykt m.a. i A.O. Vinje, *Skrifter i samling*, Band 1, Samlaget 1993

² Olav Vesaas, A.O. Vinje. *Ein tankens hærmann*, s. 466, Cappelen Damm 2018

³ Tarjei Vesaas: «Telemark», *Norig*, 4. juli 1929; Skien-Telemark Turistforenings årbok 1947

⁴ Arne Vinje, *Store spel. Soga om Vesås i verda*, Skald 2020

⁵ Tarjei Vesaas: «Om skrivaren», kåseri frå 1963, trykt i Olav Vesaas (red.), *Tarjei Vesaas om seg sjølv*, Den norske Bokklubben 1985

⁶ Karl Ove Knausgård: «Den store lengselen» i Eirik Ingebrigtsen (red.), *Du skal òg bli glad i jord. Tarjei Vesaas 125 år*, Gyldendal 2022

⁷ Øystein Vesaas, Rosemaaling i Telemark, I, s. 36, Mittet 1954

⁸ *Dølen*, 9. januar 1870. Vinje omtala òg Aasmund Nestestog i artikkelserien «Frå Thelemarken» i Drammens Tidende 1853-54, sjå *Skrifter i samling*, Band 1, s. 137, Samlaget 1993

⁹ *Kjeldene*, Gyldendal 1946

¹⁰ «Til ei Langferd», i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*, spesialnummer av *Dølen* 1861